

# Numerus Currens - SLUTTRAPPORT

---

- Har vi nådd måla? :**
- 1. brukarane finn fram i biblioteket på eiga hand**
  - 2. plass til arrangement i opningstida.** **3.**
  - frigjere tid til vegleiiing og arrangement.** **4.**
  - inkorporere nye media i vanleg oppstilling** **5.**
  - forenkla materialpleie - aktuell samling**

## Innleiing:

Vi søkte om midlar frå Nasjonalbiblioteket i 2011 til prosjektet "Kan Numerus currens vere svaret?" Pengar fekk vi ikkje frå Nasjonalbiblioteket, men vi fekk støtte frå Osterøy kommune og Hordaland fylkesbibliotek og svaret på spørsmålet fekk vi også. Prosjektet ble omdefinert til et "forprosjekt" for å sjå om det var liv laga og det var det, men omfattande og tidkrevjande. Heldigvis særsla meiningsfullt for dei tilsette, men sidan Osterøy bibliotek har små personalressursar har det tatt lang tid, ein vert aldri heilt ferdig og det er vel ikkje meinings heller. Men dei store grepa er klare og føresetnadane er innfridde. Eller for å sitere Kurt Johannessen frå *Og steinen og frøet og* (2015)

Det gjekk ikkje slik han trudde det skulle då han la planane.

Egentleg hadde han ikkje trudd det skulle gå som han hadde planlagt,

men han hadde ikkje trudd at det ikkje skulle gå etter planen

slik det ikkje gjekk etter planen.

Han hadde trudd at det ikkje skulle gå etter planen på eit anna vis.

Det var for så vidt planen.

**Og kanskje har vi enda opp med ein hybrid(«*Hybrid, noe som fremkommer ved krysning eller sammensetning av flere elementer*» snl.no) bibliotekoppstilling?**

**Det var ein del praktiske ting som måtte på plass for å få full effekt av prosjektet:** Utlånsautomat og innleveringsreol for RFID slik at brukarane er sjølvhjelpe med utlån, innlevering og henting av reservert materiale, samt god skilting og iscenesetting av lokale, slik at det er lett å finne fram på eiga hand.

Biblioteklokale er ombygd og nyinnreidd med fortetting og gruppering for å frigjere plass til arrangement i opningstida. Det er ennå ikkje nok tid til vegleiiing, men tid til arrangement er det og i 2015 låg vi på andre plass i Hordaland med samla tal, berre Bergen hadde fleire arrangement!

Etter vel fem år med dette prosjektet, haustar vi no tifold av kva vi har sådd i form av forenkla materialpleie. Både når det gjeld fagbøker i hovudbiblioteket og for alle sortar litteratur på bibliotekbussen. På bibliotekbussen Mime nyttar vi fargekodar for årstal, kvart år får kvar sin

fargeprikk på ryggen (grønt - 2013 , rødt – 2014, blått – 2015, gult – 2016, svart-2017), så bøker eldre enn 5 år, krev ny vurdering for framleis å forsvare ein plass i bibliotekbussen. Sidan vi berre har 5 fargar er det lett og raskt å sjå kva som er nytt og gammalt og kva som må kasserast evt magasinerast. Vi vurderar same opplegg for barneavdelinga

Samlinga er no aktuell, oversiktleg og «lettstelt». Det skal kome godt med når ein i desse dagar startar opp eit «meirope bibliotek».

Folk er svært nøgde, det seier dei og nesten dagleg får ein slike kommentarar som «for eit flott bibliotek de har» og «de er så flinke her på biblioteket» og spørjeundersøkinga viser det same. Dei finn lettare det dei vil ha og utlånstala både for fag og skjøn er etter ein nedgangsperiode, stigande.

Det kjem også mykje folk på arrangementa våre og stadig folk som aldri har vore på biblioteket før og besøkstala er også stigande.

**Vi hadde 5 mål då vi starta og 4 av dei er stort sett nådd.**

**Konklusjonen er at vi kan svare JA på spørsmålet så langt.**

## Bakgrunn:

Osterøy bibliotek er eit fint og moderne bibliotek som brukarane likar godt og vi får stadig nye brukarar. Det vil vi gjerne halde fram med. I 2013 fekk vi prisen «Årets bibliotek» i Hordaland. I 2005 fekk vår bokbuss «Soria Moria» pris som «Nordens vakreste».

Store deler av biblioteket har vore kategorisert frå 1995 så vi har lang erfaring på godt og vondt og no har vi tatt eit steg vidare og fram til neste sving, det ser det ut til å vere eit rett vegval. Vi vil ta med alle våre erfaringar både frå "Numerus currens"- prosjektet og den gamaldagse kategoriseringa og prøve å finne nye løysingar for det som ikkje fungerar. Heile tida endrar vi det som ikkje fungerar og heile tid forbetrar vi bibliotektilbodet.

Ryggmerkinga har tidlegare vore med anten ikon eller namn på kategori, underkategori, og oppstilling derunder etter Dewey klassifikasjonsnummer, noko som er håplaust uforståeleg for brukarane. Etter lang erfaring og bruk av Dewey (40 år) og iherdige forsøk på å prøve å lære bort korleis ein finne fram ved hjelp av klassifikasjonssystem, då ser dei på deg med tomme auge og nikkar for å late som om dei forstår, slik at du kan bli ferdig. Så vi har kome i sterkt tvil og anfektingar om den gamaldagse ordninga. Med prøveprosjektet har ein erfart at sjølv eldre folk utan annan utdanning enn den livet gjev, skjønar det du seier og får glimtet av forståing og gjenkjenning i auga – for ei belønning!

Vi er overtydde om at tida er inne til å ta skrittet over i ei nyordning og nyoppstilling av materialet i biblioteket. Ikkje minst med tanke på framtida, alle dei nye media vi skal formidle og som brukarane nok må finne fram på eiga hand, når dei sjølv låsar seg inn i det såkalla «meirope» biblioteket, med lite bemanning og snau opningstid.

Så no merker vi ikkje bøkene med Dewey-nummer lenger og vi bruker heller ikkje klassifikasjonsystemet ved oppstilling. Men på ryggen er det tydelege ikonar som alle kan kjenne igjen og forstå uansett kor flinke deg er i å lese norsk eller Dewey. Men kvifor ikon? Dei vert meir og

meir vanlege overalt i vår digitale tid, sikkert fordi dei er uavhengig av språk, lette å forstå og oppfatte, også om ein ser dårleg, er lesesvak eller ikkje kan norsk, mellom anna fordi dei i stor grad er intuitivt forståelege - noko vel ingen kan skylda Deweys desimalsystem for å vere.

Men i bibliotekkatalogen ligg Dewey-nummeret som vanleg og er søkbart, så langt som Micromarc gjer det mogleg.

## Gjennomføring

Folk vil nok meir og meir søke i samlinga vår på nettet og finne akkurat kva dei vil ha der, men korleis skal dei finne fram i bibliotekhyllene, særleg utanom opningstid når det ikkje er nokon som kan hjelpe eller vise? - Jo løpenummer er intuitivt og enkelt og ein kan gå direkte til hylla med tydeleg ikon. Men i katalogen går det ikkje med ikon ennå, men det kjem nok, enn så lenge må vi bruke emneorda for kategoriane.

I magasinet vårt står alle bøker etter løpenummer, slik UBO også ordna sitt magasin i 2010. Vi er nøgde med ordninga, sjølv om vi bibliotekarane nokre gongar hadde funne lettare fram i eit magasin etter Dewey, då hadde dei sloppa å sjekke med katalogen først, (men det burde vi vel gjere uansett?).

I det fysiske biblioteket elles, vert dei som er ute etter fleire bøker om eit etterspurd tema, viste til kategori med ikon og oppstilling etter løpenummer og berre maksimum ei hylle med kvart ikon. Oppstillinga kan nokre gongar gjøre det vanskelegare for ein som har jobba lenge i vårt bibliotek å finne noko direkte på hylla, utan å søke det opp først.

**Men det ein alltid må kome tilbake til er «Kven eig biblioteket» - bibliotekarane eller innbyggjarane i Noreg? Kven skal det vere enkelt for å finne fram i biblioteket, bibliotekarane eller brukarane?**

Vi har i desse åra gått gjennom mesteparten av samlinga med unntak av ein del skjønnlitteratur og biletbøker, det vil seie om lag 46.000 einingar. Svært mykje er kassert og mykje har nymerking og er omplassert. Det har teke mykje tid, særleg sidan vi heile tida har drive med utvikling av systemet, diskutert både det praktiske og tankane bak. Alle tilsette er med og stadig vekk ser ein at ting ikkje fungera slik ein har tenkt og da må det til nye diskusjonar og nye vurderingar, men no er vi godt nøgde alle saman!

I utgangspunktet tenkte ein dette som eit modellbibliotek, særleg med tanke på å overføre erfaringar til resten av Hordaland og ønskte å ha med representantar frå dei ulike regionane i referansegruppa/ styringsgruppe. Men sidan vi ikkje fekk midlar frå Nasjonalbiblioteket, let dette seg ikkje gjøre og referansegruppe/styringsgruppe blei alle dei tilsette ved biblioteket. Hordaland fylkesbibliotek har velvillig støtta prosjektet med kr. 150.000 tilsaman i tre år. Det har vore til stor nytte for oss, slik at vi kunne ta inn ekstra personale i denne perioden.

## Argumentasjon

**Fordelar med oppstilling etter løpenummer med årstal i kortform først:**

Det gir god utnytting av plassen, enkel gjenfinning, nytt materiale ser ein umiddelbart, enkel oppstilling og ein slipp stadige rokeringar, som er nødvendig i systematisk/emnemessig oppstilte

samlingar. Det er jo også ein svært enkel måte å kunne drive rask, rasjonell og effektiv materialpleie på, noko vi no etter 6 år har stor glede av !

Nokre meinar at ein missar å kunne browse langs hyllene, men det stemmer ikkje med vår oppstilling. Den gode merkinga med ikonar (som vert nytta i alle samanhengar elles i samfunnet også) gjer det lettare og meir oversiktleg. Kva som er nytt finn ein umiddelbart og det er oftast det folk vil ha. Eldre ting må ein jo uansett søke opp i katalogen på nettet som er lett tilgjengeleg, både trådlaust og stasjonært. Dette er jo ikkje eit fagbibliotek, men eit lite folkebibliotek som skal gje eit best mogleg tilbod for folk flest.

Vi vil ta brukarane på alvor og ikkje berre seie at dei treng meir opplæring, når dei står der og føler seg dumme fordi dei ikkje forstår korleis oppstillinga er, eller trur dei forstår, men finn likevel ikkje fram og kjenner seg irriterte og audmyka av eit arrogant system. Vi vil at våre brukarar skal være sjølvhjelpe og nøgde. Og det er dei! Vi har prøvd om dette kan vere ein god måte, og brukarundersøkinga som Hordaland fylkesbibliotek gjennomførde, ga ei overveldande tilslutning til denne løysinga.

No har vi kome så langt at vi har begynt å evaluere kategoriane. Vi ser at det er emneområde som ikkje er etterspurde i heile tatt, som t.d. kongehuset, det har vi jo mange bøker om. Desse vil vi redusere eller heilt fjerne, sette direkte på løpenummer, eller i magasinet om dei er verd å ta vare på. Når nye emneområde vert etterspurde, opprettar vi nye grupper med eigen merking. Alt skal tilpassast lokalsamfunnet sitt klåre behov.

Dette kan vere interessant også for digitale media. Nett no har vi satt opp skjermar i Stjerneportalen og andre stader i biblioteket, for å vise fram e-bøkene.

For skjønnlitteraturen har vi ikkje heilt avklåra kva vi gjer, men vi planlegg å nyordne skjønnlitteraturen. Frå før har vi skilt ut : lyrikk, krim, spenning, «bok til alle» og trøystebøker. Her tenker ein meir i kategoriar enn på løpenummer, men vi må utvikle dette etter kvart i når ein ser kva som fungerar best. Det vi alt har gjort og som ein sikkert bør gjere meir av, er å vurdere om meir faglitteratur bør stå saman med skjønnlitteraturen ordna etter forfattarnamn. Mykje av det som vi plasserer på faglitteratur ligg i grenseland, t.d. «Havboka» av Størksnes og «Hjemme» av Bill Bryson. Havboka står p.t. i Stjerneportalen, men etter kvart kjem den saman med skjønn på S.

Trur ikkje erfaringane så langt med så mykje skjønnlitteratur og lite bemanning, gjer det aktuelt med numerisk oppstilling, men kanskje fargekodemering for årstal, slik vi gjer i bibliotekbussen, det vil gjere bokpleien mykje enklare. No brukar vi hylleskanner for å sjekke ikkje utlåna materiale, så det går jo ganske raskt likevel, og etter kvart vert det færre fysiske bøker.

# **1. Brukarane finn fram i biblioteket på eiga hand**

Hordaland fylkesbibliotek gjennomførte ei evaluering av kor tilfredse brukarane var med endringane i hovudbiblioteket hausten 2014. Da var vi ikkje ferdige og alt var jo nytt for alle, men likevel sa heile 84 % at det var enkelt (38%) eller svært enkelt (46%) å finne fram i kategoriar merka med symbol!

## **1.1. KVA har vi gjort for å oppnå dette?**

Vi har kategorisert store deler av samlinga, all faglitteratur og en god del skjønnlitteratur.

Tanken bak kategoriseringa er at kategoriane skal tilpassast brukarane våre og lokalsamfunnet sitt behov. Vi vil ta brukarane på alvor, vi vil ikkje at dei skal føler seg dumme og forvirra fordi dei ikkje forstår korleis oppstillinga er, eller trur dei forstår, men finn likevel ikkje fram og kjenner seg irriterte og audmyka av eit arrogant system. Vi vil at våre brukarar skal være sjølvhjelpe og nøgde. Og det er dei! Kategoriane er altså ikkje statiske, men opprettast og nedleggjast etter kva det er interesse for. Dette gjeld den fysiske oppstillinga i biblioteket. I katalogen må ein enn så lenge bruke ord og teikn i kategoriane, men det vert vel ikkje så lenge før små ikon/piktogram kan leggast inn der hyllesignaturen står?

Vi merker alle kategoriserte bøker med ikon. Ikona trudde vi at vi kunne kjøpe frå andre. Vi starta med å kjøpe svart-kvite pictogram frå Specialpedagogiska institutet, Sverige. Dei ville vi bruke på alt som skulle merkast, men dei vart for einsformige og like i uttrykk, så mykje vart sett tilbake på feil plass og det var vanskeleg å orientere seg i. Vi vurderte også det nederlandske ikonsystemet PIM, men dei var alt for utsøydelege. Vi bruker nokre frå Biblioteksentralen, men dei nye frå BS-Eurobib er for uklare. Så no kombinerar vi Pictogram i svart-kvitt med ikon i fargar som vi stort sett lagar sjølv. Dei er intuitive og brukarane får ei aha-oppleveling og kjensle av endeleg å forstå korleis biblioteket er ordna. Framleis vert bøker sett tilbake på feil plass, men ein oppdagar dei lett og det er lett for alle å rydde i hyllene, også for dei som ikkje kan norsk.

Osterøy bibliotek har delvis vert kategorisert frå ca 1995, men da berre innanfor «Land» og «Hobby»-kategoriane, inspirert av Randi Genz si bok «Kategorisering» (1994). Dette blei etter kvart for uoversiktleg, så derfor komponerte eg eit eige system. Her ser ein umiddelbart kva år (16/) boka blei innlema i samlinga og med ikon er det svært tydeleg, kva han handlar om.

## **1.2.KORLEIS**

### **Hovudprinsipp:**

- Alt materiale får løpenummer med år i kortform først : **16/205**.
- Kategoriar opprettast ved behov, eks. Bilar som får eit ikon med bilde av bil og løpenummer: 16/205. Kategorien inneholder alt om bil (Dewey 629.3, 796.7, 388.3, 914, fotobøker med meir) som ein bilelskar kan vere interessert i.
- **Maks 30 bøker** i kvar kategori eller underkategori – om fleire titlar, kassering, dei overskytande som framleis er av interesse plasserast i magasin. Ved stor etterspurnad om eit tema, må **ny kategori/underkategori** opprettast. Eks Hobby / strikking, hekling,

treskjering osb. **Må vere så mange bøker at det går an å merke på hylla, før ein opprettar ny kategori.**

- **Kategoriar som ikkje har interesse for Osterøys innbyggjarar vert lagt ned og materiale vert sett direkte på løpenummer, kassert eller magasinert**
- Alt som i er magasinet får nytt løpenummer med M først: **M2125** (fortløpande nummerering)

Heile tida tenker vi på kva som gjer det lettare for brukarane å finne fram: Kva spør dei om, kva ser dei etter og korleis spør dei?

Og det er noko som går igjen: **namn, forfattarar, personar, lokalhistorie og nytt eller det nyaste.**


#### NAMN

Særleg spør deg mykje etter forfattarane når det gjeld krigshistorie, ikkje krigshendingane særskild, men dei vil ha bøkene til Haga, Beevor, Ottesen osb. Det har vi teke konsekvensen av og plassert



desse bøkene med ikon og ordna etter forfattar. 1. og 2. verdskrigen står samla.


Biografiar er det jo alltid interesse for, dei har vi samla på ein stad:



Og ordna etter namnet til den biograferte (ikkje noko nummer).

## LOKALHISTORIE

Vi har ei god lokalsamling og også her har vi ordna etter kategoriar tilpassa vårt lokalmiljø. Det er



t.d. ikon som kipestril, bile og kommunevåpen . Sidan bøkene her har lang levetid og kanskje er meir verdifulle jo eldre dei er, er ikkje løpenummeret med årstal viktig. Her brukar vi dei tre første bokstavane til forfattaren å ordne etter under ikonet.

## NYTT

Det nyaste og mest etterspurte, er enkelt å finne i vårt bibliotek, sidan det anten står heilt til høgre i kategorien med kortform av årstalet først eller direkte på løpenummeret. Nye bøker frå dei fire siste vekene er utstilt på kvar sin reol etter kvarandre etter vekenummer.



Og i evalueringa der brukarane vart spurde: « Kor enkelt opplever du at det er å finne fram i samlinga til Osterøy bibliotek? – Nye bøker og andre media, er svaret: Svært nøgd:67%, Nøgd:33%»

Her har vi den største suksessen:



**STJERNEPORTALEN** med « Stjernebøker ». Det er bøker som er mykje utlånte eller nye eller populære eller gode etter bokmeldingar eller dei tilsette si vurdering. Men her får dei berre stå i om lag ein månad om dei ikkje vert utlånte.

Tanken bak er at brukarane raskt og enkelt finn ei bok å låne som er god eller populær akkurat no. Og det gjer dei, mange går berre hit. Ved registrering av nye bøker skal det vurderast om dei skal stå i stjerneportalen, da får dei ei gullstjerne på framsida og vert innlemma i kategori: **Stjerner**

**Dette vart ein mykje større suksess enn vi hadde trudd. Og sjekkar vi utlånet liknar det sjølv sagt på mest utlånte bøker i andre bibliotek som resten av Nordhordlandsbiblioteka eller BiblioFilbiblioteka. Men vi har registrert forskjellar: vi har større breidde i kva for bøker som ligg som 10 på topp, t.d. låg «Den jævla naboen» på ein 8.plass og bøker som er eldre enn fra dei to siste åra, ligg også inne på lista. Her er dei mest populære gjennom tidande:**

Utlånstopp per 10.03.17 Nordhordland, Osterøy og Stjerneportalen (totaltal)		
Nordhordland	Osterøy	Stjerneportalen
1. Hislop, Victoria Øya	1. Hislop, Victoria: Øya	1. Mazetti, K: Gutten i graven ved siden av
2. Hislop, Victoria Hjemkomsten	2. Nesbø, Jo: Gjenferd	2. Brantenberg, G: Landssvikersken
3. Nesbø, Jo Gjenferd Läckberg, C:Havfruen	3. Hislop,V: Hjemkomsten	3. Olsson, Linda: La meg sygne deg stille sanger
4. Staalesen, G : Vi skal arve vinden	4. Guillou, J: Brobyggerne	4. Hauge, Knut: Kross og kvitsymre Holst, H : Thereses tilstand
5. Samartin, C: Drømmehjerte	5. Tvedt, Chris: Av jord er du kommet	5. Gavalda, A: Saman er ein mindre aleine
6. Nesbø, Jo Panserhjerte	6. Horst : Vinterstengt	6. Paaslinna, Arto: Harens år
7. Samartin, C : Salvadoreña	7. Lindell, U:Sukkerdøden	7. Holst, Hanne-Vibeke: Thereses tilstand
8. Lindell, Unni: Sukkerdøden	8. Hjeltnes, Arne: Ivar Nimmie Aurstad: Stå dønn stille	8. Harris, Joanne : Bittersøt sjokolade
9. Nesbø, Jo Snømannen Nesbø, Jo Hodejegerne	9. Samartin, Cecilia: Drømmehjerte Ragde: Jeg skal gjøre deg så lykkelig	9. Holst, Hanne-Vibeke: Det virkelig livet

**Bøkene er stilt opp etter våre eigne erfaringar og tips frå: «Salgsfremmende vareeksponeringer i dagligvarehandelen» av Hege Helgerud, Thuy-An Le og Camilla Helen Brynildsrød, (Bachelor thesis, 2012-01-25) .... at: «Varer som plasseres altfor høyt opp blir nesten aldri sett. Hovedregelen for å få kundene til å komme på at han skal kjøpe en vare er at man skal eksponere kunden for varene. Samtidig skal dette ikke overdrives. En bra butikk hjelper kunden på å huske å få inspirasjon uten at de føler at det er en tvangseffekt (Nordfält 2008:161). Velfylte eksponeringer og hyller er forutsetningen for et godt salg.» (Borge-Andersen 1991).**

Kva påvirker så valet vi gjer, eller som dei seier i handelen «kjøpsbevisstheten», i følgje same kilde er det 5 faktorar:

- «1. Vi ser ikke alt vi titter på.
- 2. Hjernen og øynene trener hele tiden på hva vi ikke skal se og huske.
- 3. Vi ser med minnet.
- 4. Det er en pågående kamp mellom sanser og minner.
- 5. Vi trenger hjelp til å forstå det vi ser. ( Nordfält 2008:38)»

Her hevdas det at brukarane gjer val etter det dei huskar. Dei kan gå forbi ei hylle fleire gangar utan å sjå noko interessant, fordi ein ikkje legg merke til det som er eksponert på hylla.

Da er det viktig å vite kva som inspirerer auge så det vert oppmerksam på det det faktisk ser på. (Nordfält 2008). Men korleis bevegar auge seg framfor hyllene og kva ser det på ei hylle?

Auga fokuserar på det som står på midten. Dersom hyllene er rotete eller har mange tomme plassar så vil kundane gje hyllene mindre merksemd. (Nordfält 2008;Dagligvarehandelen). Ein meiner at ein hylleflate lesast som ei bok frå venstre til høgre, og at ein ser best det som er 15 grader under hodehøgde (Schjelderup og Knudsen 2007:85). Det er viktig å fronteksponere for å utnytte layouten. Eigen erfaring tilseier også at variasjon er viktig, jamne, rette hyller med bøker på som ser like ut kvar gong du går forbi, gjer at hjernen trur han har sett det same før (jf. Pkt. 3 og 4) og det fengar ikkje interessa.

Når ein står framfor hylla, er det lettast å ta tak i det som står rett framfor deg til høgre (berre prøv). Ein vert mest eksponert for materialet i synsfellet frå rett over auge og ned til knærne. Utanom dette, berre om du leiter etter noko. Auga beveger seg i to eller tre faser: 1. Ein kort sveip (ca 4 sekund) over hyllene og dermed er størstedelen av sortimentet valt vekk. 2. Fokusere på dei utvalte. 3. Versifisere, ei siste vurdering før ein eventuelt bestemmer seg. (Nordfält 2008:109) . Og om nokon er tilstade og kan vegleie da, vil folk gjerne ta med seg ei god bok som dei akkurat har sett på, eller som vi plukkar fram. Elles vert ein t.d. påverka av fargar, noko nytt, plasseringa og heile opplevinga i biblioteket (Kotler 2007).

Men menneske følgjer vaner, tradisjonar, rutinar og er t.d. påverka av barndomsminne ved val. Vi bør ha dette i bakhovudet, ved oppstilling og eksponering. Erfaring tilseier at fargar påverkar val også, sjølv om mange forlag trur at brune framsider fremjar boka, viser testar og våre erfaringar at dette ikkje stemmer. I ei undersøking har ein samanlikna kva kundane likte best av kvite og brune esker undersøkingsmetoden var eyetracking i kombinasjon med dybdeintervju og spørjeskjema og 88 % var lite begeistra for den brune papasken. Og det er vel ikkje tilfeldig at i ein lang periode viste framsida på populære bøker baksida til elegante damer i raude kjolar?

Desse tankane har vi med oss ved eksponeringa av materialet, særleg i Stjerneportalen. Der finnast ingen rette linjer i oppstilling eller einsformigkeit som gjer at ein trur ein har sett dette før.

At dei fleste vil finne lesestoffet raskt må vi ta omsyn til, også for dette er Stjerneportalen perfekt. Eg går også ofte dit for å finne mitt lesestoff.

Lenge har vi prøvd å finne noko tilsvarende for formidling av barnelitteraturen, og no endeleg:

**Aladdins hole**. Her skal det alltid vere noko som er: akkurat det du vil ha - berre kom inn!



## BARN

Skilje mellom fag- og skjønnlitteraturen er flytande når det gjeld barnelitteratur, men – skjønn delast opp i seriar, fantasy, spenning, «skrekk og gru», fotball, humor, «kule ting» med meir. Fag står for det meste med vaksen litteratur, men t.d. alle bøkene frå dyreriket står på barneavdelinga under kategori: «Noas ark». Sidan det dei siste åra har kome meir «barnleg» faglitteratur, vart ein tvungen til å ha fleire kategoriar enn opprinneleg tenkt.

På bibliotekbussen må ein også tenke annleis med omsyn til oppstilling.

## NYNORSK

Samla sett er mange kategoriar vurdert og forkasta, men gode nynorskbøker får eit merke på ryggen:



«I love Nynorsk» NORSK, sjølv om dei vert ståande med skjønnlitteraturen, eller som stjernebok. Alle barnebøker på nynorsk vert merka.

## MERKING

Og overalt i biblioteket er vi opptatt av særskilt merking, både med store hovedkategorier, der det heng store veggkort over, og med grundig skilting med store gode ikonar, namn og tal. Under her t.d. bøker om Land med løpenummer og flagg.



## 2. Plass til arrangement i opningstida.

### 2.1.Kva

For å få meir plass til arrangement har vi kassert mykje bøker, fjerna fleire reolar og fortatta ein del av samlinga. Så no har vi fleire arrangement kvar månad og kan utan problem ha over 70 tilhøyrarar. Det er også plass til utstillingar.





Bibliotekbussen Mime

er sjølvsagt også organisert på same måte, men her har vi nesten berre nye bøker og skifter ut til kvar tur, avhengig av kva for brukarar ein møter. Om lag 5 gongar i året har ein med profesjonell kunstnar i samarbeid med Skulesekken og Folkeakademiet og det var 212 små arrangement med Mime 2015, og 19 på hovudbiblioteket, i 2016 var det 34 på hovudbiblioteket og 124 i Mime.

Kvar månad er innhaldet i bibliotekbussen «nytt». Det betyr at eit nytt tema prydar bussen innvendig med nye fargar på veggane og noko på golvet som går rundt og rundt og noko på skjermene inne og ute og ting og tang både her og der. Og utanfor bussen tek kunstnaren opp same tema.

Besøkstalet på biblioteket har auka kraftig frå 2014 da det var 2,6 per innbyggjar til 4,2 i 2015 og døter aukande, medan det i 2014 var fallande. Mykje av dette skuldast Bibliotekbussen, men evalueringa syner at på spørsmålet om «Kor nøgd er du med arrangement i Osterøy bibliotek?» - svarar heile 75% «svært nøgd».

## 2.2.Korleis

Når det gjeld Mime, har det vore mykje tenking, prøving og problem. No har ein nokre mykje etterspurde kategoriar og bytter ut bøker heile tida. Bøkene har fargekodeprikkar etter året dei er innkjøpte, eks. blått 2014, grønt 2015, gult 2016. Det gjer at det er veldig lett å sjå kva for bøker som skal kasserast, om dei ikkje er lånte ut.

I hovudbiblioteket, står dei nyaste bøkene på lette reolar på hjul, i det rommet som er til arrangement. Vi har også 60 stolar lett tilgjengeleg her, samt sjølvsagt lydutstyr, lerret og prosjektor.

Samarbeid med andre aktørar er avgjerande for finansieringa og til dels gjennomføringa og Folkeakademiet er medarrangør på alle våre arrangement.

For å kunne ha arrangement i opningstida, var det ein føresetnad å ha både utlånsautomat og innleveringsautomat. Det var på plass i starten av prosjektperioden (2011). Men både utlånsautomat og innleveringsreol var det veldig mye trøbbel med å få til å virke. Så da gjekk

det ikkje å ha arrangement samtidig med opningstid. Seinare gjekk det på ein måte, men uklart kor mykje uro ein kan tillate og som programhaldar aksepterar.

I Mime har ein ei grei ordning med at nokre elevar er utanfor bibliotekbussen og får møte kunstnaren og «opplevelinga» der, medan andre er inne og lånar bøker og opplevar stemninga med mange overraskingar der.

### **3. Meir tid til vuggeiing og arrangement**

Meir tid til vuggeiing har vi ikkje kunne prøve ut, fordi personalressursane er små. (kr.50.000 per år i 3 år og ikkje 2 årsverk som ein hadde tenkt seg). Prosjektet har difor teke meir enn dobbelt så lang tid som planlagt og ennå står litt att, m.a. andre mediar som lydbøker og dvd-ar. Desse kan ein kanskje berre la vere, dei er vel snart ute av samlingane uansett.

Men sjølv sagt driv vi med vuggeiing og erfaringar med Stjerneportalen er strålende. På bibliotekbussen Mime er vuggeiing høgt prioritert og svært vellukka. Det kan ein mellom anna sjå av utlånstala som har auka frå 15969 i 2015 (første heile året med ny bibliotekbuss) til 19788 i 2016.

### **4. Inkorporere nye media i vanleg oppstilling**

#### **4.1.Kva**

I 2009 kom e-bøkene for fullt, eller i allfall trudde vi at dei kom. Og korleis skal ein huske på dei og korleis skal ein gjere dei synlege? No har det gått 7 lange år og ennå har det ikkje teke av. Men vi har mange e-bøker vi kan låne ut som del av samarbeidet i Hordaland fylke. På Osterøy er utlånet lavt og vi er ikkje flinke nok til å formidle desse bøkene. Grunna lite prosjektmidlar, kunne det heller ikkje prioriterast. Men noko må gjerast med synleggjering av bøkene.

#### **4.2.Korleis**

Nett no er vi i gang med å montere digitale skjermar til dette både i Stjerneportalen og



ved det kategoriserte materiale.

### **5. Forenkla materialpleie - aktuell samling**

#### **5.1.Kva**

Kassering er leikande lett med denne oppstillinga -

#### **5.2.Korleis**

Ein går berre til venstre i hylla og ser på lågaste tal før skråstrek, eks 12/ i kategorien (som berre er på om lag 30 bøker), skjekkar utlån og vurderar slik ein elles gjer, t.d. etter «Crew» <http://crewinorge.org/> for kassering. Når det gjeld barnelitteraturen vert vi tvinga til å sjekke etter 5 år, da har ein ikkje fleire farga «prikkar» igjen og må evt merke på nytt dei som har krav på plass i hylla.

Dette fungerar svært godt! Og har ein litt inspirasjon kan dei kasserte bøkene brukast i kunstverk av ymse slag som dette: «Om hundre år er allting glemt» og samtidig



fundere

på om sauane på Kleiveland kan lese eller berre skit i litteraturen?

Eller vår nyaste skulptur i biblioteket: «Då fuglane fekk fargar», eit 91 meter langt «slangeskinn» med kasserte bøker, lagt inn i ei rundstrikka strømpe etter fibonaccitalrekka i eige fargesystem og etter inspirasjon frå boka: «Da fuglene fikk farger» av Joanna Troughton

- 6. Tidsplanen:** sprakk av økonomiske grunnar. Men vi skal jo ikkje verte ferdige og samlinga er alltid i endring etter brukarane sine ønskje og behov.  
Vi måtte skifte biblioteksystem frå Aleph til Micromarc3 i prosjektperioden og det var veldig uheldig, mange funksjonar var ikkje lenger moglege, m.a statistikk på kategoriane og vidare søk etter deweynummer. Søkefunksjonen på heimesida vår er heller ikkje god nok, så no er det ofte enklare å finne det ein er ute etter ved googlesøk.
- 7. Finansiering:** kr. 150.000 fordelt på tre år frå Hordaland fylkesbibliotek. Resten over eige budsjett
- 8. Prosjektgruppe og styringsgruppe** var dei tilsette i biblioteket, noko som var veldig effektivt, utviklande for alle og god ressursbruk.
- 9. Evaluatingsrapport frå Fylkesbiblioteket** ligg ved og viste overraskande gode resultat alt to år før prosjektet var ferdig.
- 10. Ein har nådd dei fleste måla,** bortsett frå meir tid for dei tilsette til vegleiing. Og det vert kanskje ikkje så viktig når kommunen har satsa på meirope bibliotek i staden.
- 11. Viktige erfaringar:**

- a. Heile samlinga er gått gjennom og vurdert og er oppdatert og god
- b. Med meirope bibliotek er det særleg viktig, at brukarane lett kan finne fram på eiga hand og tilbodet presenterast på ein freistande måte.
- c. Truleg kan ikona gjerast søkbare i den digitale katalogen (eller google?) og det vert enklare å finne det ein ønskjer seg?

Lonevåg 09.05.2017

Bente Dammen

Prosjektleiar/ansvarleg